



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		66787/2022	Rebekka Varne, 71 28 03 51	30.05.2022

Sunnmøre Torsk AS org. nr. 925 795 550 - Akvakultursøknad om ny lokalitet for matfisk av torsk på Støylen i Volda kommune

Søknad frå Sunnmøre Torsk AS om ny akvakulturlokalitet for matfisk av torsk på Støylen i Volda kommune er lagt ved.

Det er søkt om ei biomasse på 3500 tonn MTB. Omsøkt lokalitet ligg i eit areal som er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan.

Søknaden er vurdert som komplett av Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi gjer merksam på at det kan bli bedt om meir informasjon. Søkar har bedt om at detaljar om deira tiltak og val i drifta blir unntatt offentlegheita, ein sladda versjon av notat om deira vurderingar om påverknad på vill torsk som kan leggast ut offentleg er lagt ved, jf. forvaltningslova § 13, første ledd (2). Ein usladda versjon vil bli sendt til sektormyndigheitene i eit eige brev.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal behandlast etter kapittel 3 Vurdering om planar eller tiltak etter §8 krever konsekvensutredning (§§ 9-12). Søkar har lagt ved vurdering av påverknad på villtorsk og deira risikovurdering og tiltak for å unngå påverknad. Fylkeskommunen sin vurdering er at det ikkje er naudsynt med tilleggsutgreiingar og sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Volda kommune.

Meiner sektormyndigheitene at tiltaket kan få vesentlege verknader og det ikkje er tilfredsstillande utgreia i søknaden må det meldast til fylkeskommunen innan 4 veker (30.06.2022). Vi ber om at de konkretiserer kva forhold som bør belysast nærare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Volda kommune legg søknaden ut til offentleg innsyn i 4 veker. Ifølgje forskrifta skal utlysinga vere annonsert i Norsk lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området. Vi ber kommunen, etter at søknaden har vore lagt ut til offentleg innsyn, gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planer og interesser. Kommunen sin uttale skal saman med innkomne merknadar sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune

seinast 12 veker (30.08.2022) etter at de har mottatt søknaden.

Med helsing

Rebekka Varne
rådgivar

Kopi:

SUNNMØRE TORSK AS c/o Gadus Group Rasmus Rønnebergs gate 21 6002 ÅLESUND

Vedlegg

- 1 Gadus beredskapsplaner.pdf
- 2 01.02.00_Innholdsfortegnelse Gadus Styringsssystem.pdf
- 3 Støylen - forholdet til annen akvakultur.pdf
- 4 Gadus - beredskapsavtaler.pdf
- 5 Støylen posisjoner.pdf
- 6 Gadus_Gebyr akvakultursøkand_Lokalitet Støylen.pdf
- 7 Støylen - søkers KU-vurdering.pdf
- 8 Forundersøkelse Støylen Gadus Group 104501-01-001.pdf
- 9 B GH Støylen Ny 1220 102127.pdf
- 10 Støylen - forholdet til arealregulering.pdf
- 11 Støylen - anleggsskisse.pdf
- 12 C GS Støylen 102128-01-001.pdf
- 13 Gadus_Vurdering av påvirkning på villtorsk_Støylen_sladdet.pdf
- 14 Søknadsskjema -
Tillatelse_til_akvakultur_i_flytende_eller_landbasert_anlegg_1920898.pdf
- 15 SR-112-GH-Støylen-101905-00-001.pdf